



Feleti Ita Group AS  
Søndre Ravnedalen 28  
5170 BJØRNDALSTRÆ

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 20/18627 - 21/13410

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
26.02.2021

## Igangsetjingsløyve for heile tiltaket -ombygging, tilbygg til bustad og garasje gbnr 1/188 Flatøy

**Administrativt vedtak:** Saknr: 280/21  
**Tiltakshavar:** Jan Erik Hansen  
**Ansvarleg søkjar:** Feleti Ita Group AS  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 a), jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av heile tiltaket for oppføring av ombygging, fasadeendring i form av tilbygg til bustad inklusiv garasje, innsetjing av to nye takvindauge, erstatning av 1 vindauge med skyvedør, byting av fleire vindauge på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 16.01.21 DS 082/21 med vilkår gjeld for tiltaket.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av heile tiltaket.

Saka gjeld søknad om oppføring av ombygging, fasadeendring i form av tilbygg til bustad inklusiv garasje, innsetjing av to nye takvindauge, erstatning av 1 vindauge med skyvedør, byting av fleire vindauge. Nytt bygd areal (BYA) opplyst til å vere ca. 44 m<sup>2</sup>. Utnyttingsgrad er opplyst til 19,83% BYA.

Det vert elles vist til søknad mottteken 10.02.21.

Kommunen har i vedtak av 16.01.21 gjeve rammeløyve.

Det vert elles vist til søknad mottteken 10.02.21 og supplert 23.02.21.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den vart motteken. Trong for tilleggskontroll dokumentasjon vart meldt til ansvarleg sækjar ved brev av 13.02.21.

Ansvarleg sækjar og andre involverte føretak må registrere avvika i sitt internkontrollsystem og treffe tiltak for å unngå gjentaking.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 23.02.21 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Flatøy Vest med plannr 125619890001 er definert som bustadførsmål .



### VURDERING

#### Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg sækjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

#### Aktuelt regelverk

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev sæknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal

det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.  
Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.  
Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/18627

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

11\_ANKO\_Gjennomføringsplan.pdf

### **Kopi til:**

Jan Erik Hansen

Hjelten 35

5918

FREKHAUG

### **Mottakarar:**

Feleti Ita Group AS

Søndre Ravnedalen 28

5170

BJØRNDALSTRÆ